


**Ard**  
arealplan



LINDÅS KOMMUNE  
KVERNHUSMYRANE 20  
5914 ISDALSTØ

Deres ref.:

Vår ref.: Ard13014

Bergen: 24.03.15

## VARSEL OM UTVIDING AV PLANOMRÅDET

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 vert det med dette varsla at tidlegare varsla oppstart av detaljregulering for Vesleheimen, gnr. 137, bnr. 63 m. fl., Lindås kommune vert utvida.

Oppstart av reguleringsplanarbeidet blei først varsla i avisa Strilen 16.05.13, samt i brev til offentlege instansar, naboar og grunneigarar. Etter krav frå kommunen vert no planområdet utvida for å tilpasse seg tilgrensande reguleringsplan for Kubbaleitet planid: 201215, samt for å få regulert inn krysset i vest.

### Reguleringsplan:

Ein reguleringsplan består av arealplankart med tilhøyrande føresegnar og planskildring som angir bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader. Ein reguleringsplan fastsett framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyret sitt vedtak bindande for nye tiltak eller utviding av eksisterande tiltak.

### Tiltakshavar og konsulent:

Maja og Karina Isdal er tiltakshavarar.

Ard arealplan as er konsulent for reguleringsplanarbeidet.

### Planområdet:

Planområdet ligg sentralt ved Isdalstøbakken sørvest for fylkesveg 565, i eit område som er uregulert og delvis utbygd. Planområdet er på 9,8 daa og er vist på vedlagt kart.

Planområdet er satt av til bustad i gjeldande kommunedelplan for Alversund - Knarvik 2007 - 2019 i Lindås kommune.

Planområdet grenser mot bustader i alle retningar.

### Reguleringsplanen sitt føremål:

Føremålet med reguleringsplanen er å leggje til rette for om lag 18 bustadeiningar. Utvidinga vil ikkje ha noko å seie i forhold til det som vart varsla tidlegare. Utvidinga vert gjort for å ta med dei to eigedomane heilt i søraust som elles ville blitt liggjane uregulert mellom to planar. Grunna ein uoversiktleg trafikksituasjon i Isdalstøbakken i aust er krysset her også teke med slik at krysset her kan strammast opp og gjerast betre.

Merknader til oppstartsmeldinga:

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den kommande prosessen. Innspel eller merknadar som angår løysingar eller gjeld særlege behov kan sendast skriftleg til:

Ard arealplan as  
Nygårdsgaten 114  
5008 Bergen  
e-post: post@ardarealplan.no

Det er ikkje naudsynt å senda kopi av merknadar til Lindås kommune. Alle mottekne dokument, merknadar og liknande vert sendt Lindås kommune saman med planframlegget.

Merknadsfrist:

Frist for merknadar er satt til **11.05.2015**.

Vidare saksgong:

Etter meldingsfristen vil sjølve planforslaget bli utarbeidd, og deretter sendt til Lindås kommune for sakshandsaming. Etter første gangs sakshandsaming vert planen sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker. Det vil då vere mogleg å komme med merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming.

Med beste helsing





Jan Espen Vik  
Dagleg leiar/ By- og regionsplanleggar  
Ard arealplan as

Tlf: 55 31 95 00/97 58 34 16

# Ard arealplan

## KART OVER PLANOMRÅDET:





**Naboar:**

Gnr.	Bnr.	Eigedomens adresse		
137	155	ISDALSTØBAKKEN 65	5916	ISDALSTØ
137	85	ISDALSTØBAKKEN 67	5916	ISDALSTØ
137	48	KUBBALEITET 6	5916	ISDALSTØ
137	739	KUBBALEITET 4	5916	ISDALSTØ
137	55	ISDALSTØBAKKEN 22	5916	ISDALSTØ
137	55	ISDALSTØBAKKEN 20	5916	ISDALSTØ
137	779	ISDALSTØBAKKEN 1	5916	ISDALSTØ
137	779	ISDALSTØBAKKEN 3	5916	ISDALSTØ
137	62	ISDALSTØBAKKEN 51	5916	ISDALSTØ
137	762	ISDALSTØBAKKEN 55 C	5916	ISDALSTØ
137	763	ISDALSTØBAKKEN 55 B	5916	ISDALSTØ
137	47	ISDALSTØBAKKEN 55 A	5916	ISDALSTØ
137	692	ISDALSTØBAKKEN 61	5916	ISDALSTØ
137	457	ISDALSTØBAKKEN 57 A	5916	ISDALSTØ
137	764	EIGEDOMEN HAR IKKJE VEGADRESSE		
137	181	EIGEDOMEN HAR IKKJE VEGADRESSE		
137	49	EIGEDOMEN HAR IKKJE VEGADRESSE		
137	776	EIGEDOMEN HAR IKKJE VEGADRESSE		
137	59	EIGEDOMEN HAR IKKJE VEGADRESSE		

**Andre:**

LINDÅS KOMMUNE	KVERNHUSMYRANE 20	5914	ISDALSTØ
STATENS VEGVESEN REGION VEST	ASKEDALEN 4	6863	LEIKANGER
BKK NETT AS	POSTBOKS 7060	5020	BERGEN
FYLKESMANNEN I HORDLAND	POSTBOKS 7310	5020	BERGEN
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	POSTBOKS 7900	5020	BERGEN
NGIR	LINDÅSVEGEN 1260	5956	HUNDVIN